

# Meld. St. 18

(2020–2021)

Melding til Stortinget

Oppleve, skape, dele  
Kunst og kultur for, med og av barn og unge



Illustrasjon: Anna Fiske

## **Til deg som er barn eller ungdom**

*Vi vil at du skal*

- *oppleve god kunst og kultur som snakkar til og betyr noko for akkurat deg*
- *lære, ytre deg, utfalde deg og vekse gjennom kunst og kultur*
- *føle at kulturen din og det du kan, blir verdsett og sett*
- *kunne velje mellom eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk og ha eit solid grunnlag som du kan byggje desse vala på*
- *vere trygg både som publikum og mottakar av kunst og kultur og når du sjølv går på scenen som skapar eller utøvar*
- *ha det gøy, vere saman med venner og dele opplevingar med andre*

*Helsing frå Abid Q. Raja og Guri Melby*

## **Kva er ei melding til Stortinget?**

Ei melding til Stortinget er det formelle dokumentet som regjeringa sender til Stortinget. Meldingar blir publiserte på regjeringa si nettside, ei side som er open for alle. I ei slik melding fortel regjeringa Stortinget om kva for undersøkingar dei har gjort, og om kva for planar og mål dei har innanfor eit bestemt tema – for eksempel kunst og kultur for, med og av barn og unge. Dette er første gongen at regjeringa legg fram ei melding til Stortinget om barne- og ungdomskulturen.

## **Oppleve, skape og dele**

I denne meldinga kan du lese om korleis departementa, fylkeskommunane og kommunane og mange andre organiserer kunst- og kulturtilboda for barn og unge. For eksempel handlar det mykje om kulturskolen og Den kulturelle skolesekken. Dei er viktige for at alle barn og unge skal få oppleve kunst og kultur.

Du kan òg lese om kva barn og unge sjølve har gitt innspel om. Det er nemleg veldig viktig at barn og unge får medverke i kunst- og kulturpolitikken. For eksempel kom det i innspela fram at barn og unge er opptekne av at ingen skal oppleve å bli haldne utanfor, og dei vil at absolutt alle skal få sjansen til å vere med på kunst- og kulturtilboda dei er interesserte i. Da må kunst- og kulturtilboda vere tilgjengelege for alle.

Dessutan kan du lese om kva statistikken seier om kunst- og kulturvanane til barn og unge i Noreg. Der kjem det fram noko viktig: Svært mykje av det barn og unge held på med, skjer

over internettet. Men likevel er fritidsklubbane og biblioteka framleis viktige møteplassar. Kanskje kan bibliotekarane lære seg meir om gaming, kanskje kan dei låne ut spel eller gamingutstyr?

Vi har kartlagt kunst- og kulturarbeidet for barn og unge i Noreg i dag. Den kunnskapen, i tillegg til ei rekkje innspel vi har fått, er utgangspunktet for korleis vi tenkjer at kunst- og kulturtilbodet til barn og unge kan bli betre. Ofte handlar det om å bruke pengane litt annleis, men like ofte handlar det om å snakke saman og samarbeide med kvarandre.

Til slutt i kapitla står det forslag om kva regjeringa vil gjere framover, i samarbeid med fylkeskommunane, kommunane og andre. Desse forslaga er merkte «Regjeringa vil».

## **Kunst og kultur for, med og av barn og unge**

### *1 Innleiing og samandrag*

I kapittel 1, som er innleiinga til meldinga, seier regjeringa at dei vil gjere det lettare for barn og unge å delta og finne kunst og kultur som passar akkurat for seg. Kunst og kultur for barn og unge skal vere noko alle er stolte av å drive med, og kunst og kultur for barn og unge skal vere viktig.

## **Del I Barne- og ungdomskultur**

### *2 Barn og unge som målgruppe*

Regjeringa vil at alle barn og unge skal få oppleve kunst og kultur, anten dei bur i bygd eller by, i nord eller sør. Men for å få til det, er det nødvendig å vite kvifor det ikkje er slik allereie. Sidan kunsten og kulturen er for barn og unge, var det viktig å spørje barna og dei unge kva dei meiner om kunsten og kulturen. Alt dette står det litt om i dette kapitlet.

### *3 Kjenneteikn ved barne- og ungdomskulturen før og no*

I dette kapitlet fortel vi om at det var litt mindre kunst og kultur for barn og unge før. Men dette har endra seg kraftig. Frå at det berre var Olsenbanden som var norsk film for barn og unge, så kan barn og unge i dag sjå film frå heile verda ... på mobiltelefonen om dei vil. Men dei hadde både bibliotek, kino og teikneseriar for lenge sidan òg.

### *4 Ansvar for det offentlege har for barne- og ungdomskulturen*

Barn og unge har rettar til kunst og kultur. Barn har rett til informasjon, til å bli høyrde og kunne ytre seg, til å leike og utfalde seg gjennom kunst og kultur, til å ha eit privatliv og til å vere beskytta. Regjeringa og staten har derfor eit ansvar for å sikre at det kan bli laga og formidla kunst og kultur til barn og unge. Vi har òg eit ansvar for at barn og unge er trygge når dei opplever, skapar og deler kunst og kultur.

### *5 Barne- og ungdomskultur som politikkområde*

Mange jobbar med kunst og kultur, men ofte som ein hobby og ikkje som lønna arbeid. Dette blir kalla å vere frivillig. Regjeringa meiner at dei frivillige er svært viktige. Det er dei frivillige som står bak mykje av kunst- og kulturtilboda for barn og unge. Eit eksempel er dei

som steikjer vaflar for å tene pengar til nye korpsuniformar til eit skolekorps. Eller dei som syr kostyma til barneteaterforestillinga. Derfor vil regjeringa passe på at det går an å ha korps, bandøving, revy og alt slikt. Det kan kommunane gjere ved for eksempel å ha øvingsrom og andre lokale som barn og unge kan bruke. (Det er jo litt kjedeleg viss det regnar ned i tubaen på øving.) Det finst i tillegg mykje kunst og kultur som er offentleg, som bibliotek, kinoar og fritidsklubbar.

## **Del II Deltakinga og eigenproduksjonen til barn og unge**

### *6 Innleiing*

Kunsten og kulturen er så viktig, for her skal barn og unge få vere med, dei skal få meistre og lære å uttrykkje seg, dei skal få vere sosiale og vere med i fellesskap der dei bur. Men alle får ikkje det. Det er ikkje alle stader gode nok tilbod som gjer det lett å delta for alle. Både barna og dei unge og regjeringa vil at barn og unge som ønskjer å delta, skal få det

### *7 Lokale kulturtilbod til barn og unge*

Mange av kulturtilboda skjer på heimplassen til barn og unge. Mykje av dette handlar om å vere med venner og jamaldringar og å gjere noko og oppleve noko saman. Det er godt å kjenne at ein høyrer til i eit slikt fellesskap, anten det er lite eller stort. I tillegg er det slik vi lærer om oss sjølve – kva liker vi å halde på med, kva er det som gir oss noko. Kanskje det er å lese, kanskje det er å syngje for eit publikum, kanskje det er å vere på LAN. I kapittelet forklarar vi korleis barn og unge ønskjer at desse tilboda skal vere, og korleis dei faktisk er. Det er ikkje alle som kan delta som dei vil. Regjeringas mål er at alle barn og unge kan få eit tilbod dei liker.

### *8 Ein styrkt kulturskole for framtida*

Dette kapittelet handlar om kulturskolen. Noko av det som er vanskeleg for kulturskolen, er at han skal gjere forskjellige ting: Kulturskole skal vere ein morosam fritidsaktivitet og gi moglegheit for å bli kjend med kunst og kultur, men også med andre barn og ungdom. Han skal vere ein skole og ein plass å lære seg noko, for eksempel å spele gitar. I tillegg skal kulturskolen vere ein kulturaktivitet og ein stad for elevar som er særskilt interesserte eller har eit talent og treng fordjuping og opplæring på høgare nivå. Ein plan er at kulturskolar kan samarbeide innanfor fylket sitt. For eksempel viss det ikkje er ein kulturskolelærer i din heimkommune som kan gi eit tilbod om fordjuping i akkurat det du ønskjer å lære enda meir av. Kulturskolen skal vere for alle og ein plass der alle kan kjenne seg velkomne!

### *9 Opplæring og fordjuping i kunst og kultur*

Dette kapittelet handlar om å fordjupe seg, altså å lære meir. Da er det fint og nødvendig med nokon som er gode til å lære bort. Det er faktisk litt derfor vi treng nokon som vil lære meir og fordjupe seg òg. Dei som lærer i dag, kan nemleg ein dag bli dei som lærer bort. Tenk om ingen ville lære? Og samtidig: Tenk om ingen kunne lære bort? Mange stader har dei mykje å lære bort, for eksempel i kulturskolen. Regjeringa ønskjer at fleire barn og unge skal få moglegheita til å lære og fordjupe seg.

## **Del III Kunst og kultur for og med barn og unge**

### *10 Innleiing*

Barn og unge vil ha meir kunst og kultur, tilpassa kunst og kultur og betre kunst og kultur. For barn og unge er kunst og kultur viktig. Regjeringa ønskjer at det skal bli laga mykje god kunst og kultur som passar for alle barn og unge. Derfor gir dei også pengar til dette arbeidet. Dei som jobbar med kunst og kultur for barn og unge, kan søkje om tilskott og skape mykje interessant.

### *11 Relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst og kultur for barn og unge*

For regjeringa er det viktig at barn og unge skal kjenne seg igjen i kunsten og kulturen som blir lagd av dei profesjonelle kunstnarane. Det må vere noko i kunsten og kulturen som liknar noko i livet til barna og dei unge, for eksempel språk. Vi veit at det nesten ikkje finst dataspel på bokmål, nynorsk og samisk. Og at det heller ikkje finst så mange bøker på nynorsk og samisk. Regjeringa har gitt pengar til fleire fond slik at dei som lagar spel på bokmål, nynorsk eller samisk eller skriv bøker på nynorsk og samisk, kan søkje om å få pengar frå fondet.

### *12 Den kulturelle skolesekken*

Meininga med Den kulturelle skolesekken er at alle barn og unge i heile landet skal oppleve profesjonell kunst og kultur. Derfor kjem kunstnarane og kulturen til skolen. Det er litt forskjellig kor mange gonger kvar skole får besøk, men gjennomsnittet er tre og ein halv gong i året. Regjeringa vil at det skal vere god kvalitet på denne kunsten og kulturen. Men så er det ikkje sikkert at alle er einige om kva som er bra, og kva som er mindre bra. Derfor bør både elevane, skolane og kunstnarane få fortelje korleis dei opplevde besøket. Og dette er noko regjeringa jobbar med å få til.

## **Del IV Den digitale kulturen**

### *13 Den digitale kulturen – moglegheiter og risikoar*

Det er ikkje enkelt med digitaliseringa fordi utviklinga går så fort. Internettet gir først og fremst positive moglegheiter. For eksempel har det blitt enklare for barn og unge å seie sin meining offentleg. Og det er blitt mogleg for fleire å uttrykkje og engasjere seg på ulike måtar, blant anna gjennom å lage musikk, videoar og dansar på nett. Men internettet kan også utsette barn for risiko. Det kan vere valdeleg innhald, innhald om sjølvskading, om korleis ein kan bli svært tynn, sal av alkohol eller narkotika, uønskt reklame, hat og hets eller falske nyheiter. Regjeringa skal lage ein strategi for å sikre barn og unge ein trygg digital oppvekst. Barne- og familieministeren skal leie arbeidet.